



ALLTID BEREDT

Referat frå styremøte i Ryvarden krets av NSF

Tid:	Torsdag 06.11.25
Stad:	På Lier og digitalt
Tilstades:	Magnus M. Aronsen, Anna Tveit, Øystein Østensen, Marcus Mannes, Magnus Molland (vara),
Frå adm.:	Hildegunn L. Fjelland
Andre	
Forfall:	Amalia Lodden, Carina Røthing Nilsen(vara), Tiril Nævdal (vara).
Referent:	Hildegunn L. Fjelland

Kretsleiar leia styremøte.

Saksliste

RK-sak 31/2025	Godkjenning av innkalling og saksliste
RK-sak 32/2025	Godkjenning av referat frå styremøte 25.august 2025
RK-sak 33/2025	Vasskjelde på Lier, gjennomgang etter ekstraordinært kretsting.
RK-sak 34/2025	Julemøte
	Eventuelt

RK-sak 31/2025: Godkjenning av innkalling og saksliste

Ingen merknader

VEDTAK: Innkalling og saksliste vert godkjent.

RK-sak 32/2025: Godkjenning av referat frå styremøte 25.august 2025

Ingen merknadar til referatet.

VEDTAK: Referatet frå styremøtet 25.august 2025 vert godkjent.

RK-sak 33/2025: Vasskjelde på Lier, gjennomgong etter ekstraordinært kretsting

På det ekstraordinære kretstinget vart det konkludert med å utsetje saka om vasskjelde på Lier til ordinært kretsting i februar 2026. På møtet kom det opp fleire forslag til løysingar for vasskjelde utover dei løysingane som kretsstyret presenterte. Nokre av dei vart presentert med prisoverslag, innkjøp, levetid o.l., medan andre kom meir spontant under møtet. Kretstinget vedtok difor å utsetje saka til neste kretsting for å kunne vurdere fleire løysingar.

Kretsstyret kjem ikkje til å utgreie fleire forslag til vasskjelde enn dei som allereie er presentert. Styre vil likevel oppfordre andre medlemmar i kretsen som har forslag til løysingar for vasskjelde om å sende inn desse som sak i forkant av årsmøtet. Styret vil spesielt ta kontakt med dei som fremja andre forslag under ekstraordinært kretsting, for å oppfordre dei til å sende inn sine forslag.

Kretsstyret vil legge inn informasjon om kostnadar for innkjøp i grunneigar sitt reinseanlegg og vedlikehaldskostnadar i sitt forslag, etter tilbakemelding frå ekstraordinært kretsting.

Kretssekretær sender ut info om årsmøte til alle grupper, med oppfordring om å sende inn løysingsforslag til ny vasskjelde på Lier. Sakene må som andre innsendte årsmøtesaker sendast inn til gjennomgang av kretsstyret i forkant av kretstinget. Kretsstyret står for eventuell kontakt med grunneigar.

Forslag til løysing for vasskjelde må innehalde:

- Prisestimat
- Innkjøp
- Beskrivelse av tiltak
- Drift og vedlikeholdskostnad
- Fordelar og ulemper/svakheitar
- Er det frostsikkert?
- Kvalitet på vatn? Drikkevatt?
- Kapasitet

VEDTAK: Kretsstyret tek gjennomgangen til orientering og arbeidar vidare med saka.

RK-sak 34/2025: Julemøte

Julemøte vert på Hedleitu mandag 1.desember kl.18.00.

Magnus Molland har hovudansvar. Han kjøper inn mat og tilbereder den. Det vert graut og spekemat. Kjøp inn eingongsartiklar, pga vanntilgong. Kjøp inn premiar til lek.

Øystein ynskjer velkommen og seier nokre ord. Organiserer ein lek og kanskje ein quiz.

Hildegunn bestiller inn julekurv-merker på speider.sport.

Anna tek med julepynt og høgtalar.

VEDTAK: Kretssekretær sender ut invitasjon til julemøte.

Eventuelt

- **Strategi for aktivitet:** Kretsstyret diskuterte litt vidare om strategi for aktivitet i kretsen, basert på arrangementa me har hatt i haust og tilbakemeldingar frå gruppene. Styret kjem ikkje til å fokusere på leiartrening i egen krets i næraste framtid. Etter samtalar med gruppene i sommar er den generelle tilbakemeldinga at det ikkje er interesse for dette. Styret ynskjer å setje av midlar til støtte til deltaking i andre kretsar.
Kretsstyret ynskjer likevel å fokusere på å arrangere aktivitetar for roverar og leiarar i kretsen.
- **KLKS:** Anna har delteke på KLKS i haust. Denne gongen var samlinga berre for krets/korpsleiarar. Dei snakka blant om kretsstruktur. Korleis skal kretsane styrast, kva skal vere nasjonalt og kva skal vere kretsen sitt ansvar? Snakka også om deling av kretsar.
NSF ynskjer meir leiartrening i kretsane.
Snakka om vekst. Korleis skape vekst, behalde eksisterande medlemmar og rekruttere nye. NSF viste statistikk som sa at mange var interessert i ha barna sine i speidaren.
Diskuterte erfaringar etter felles landsleir. NSF var generelt nøgd med samarbeidet om landsleir.
- **Kretskonk.** Me treng teknisk arrangør. Ynskjeleg å ha det ein anna plass enn Lier, då det er festivalleir også i år. Magnus spør Skånevik om dei kan vere interessert.
- **Kretstingets årsmøte og emnekurs.** Me treng teknisk arrangør. Magnus spør Meling/Skånevik. Alle tenker på kandidatar til ordstyrar og referent.
- **Festivalleir.** Fleire etterlyser merker frå 2024. Dei er for tida i Oslo. Hildegunn organiserer å få dei sendt til Bergen.
Det må dannast ein festivalleirkomite. Det er lurt å bestille merker til 2026 ganske snart, slik at dei er på plass til leiren byrjar. I den forbindelse bør me snart bestemme tema for leiren, då dette bør stå i stil med merket. Magnus spør Andrea om ho har ein plan, då ho har arbeida litt med dette tidligare.
- **Kretsleir.** Det har vore eit møte med Hordaland, Haugaland KM, Bjørgvin KM og Sogn og Fjordane krets. Dei arbeidar for å avklare leirsjef og etatsleiarar.